



LINDÅS KOMMUNE

Eining for stabs- og støttetjenester
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Olav Kåre Vatnøy

Kvassnesvegen 48
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**
Tove Mette
Fyllingen

Vår ref. **Telefon**
2009/374 - 0 -
21532/2011 56 37 51 75

Arkivkode: **Dato:**
188/5 31.08.2011

Melding om vedtak

Søknad om masseutskiftning (3) - Gbnr 188/5 Gjervik

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er
postlagt innan fristen går ut.*

*Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram
kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal
grunngevest.*

Med helsing

Tove Mette Fyllingen
administrasjonskonsulent





Arkiv: 188/5
Saksmappe: 2009/374
Sakshandsamar: Tor Hegle
Dato: 09.08.2011

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
147/11	Plan- og miljøutvalet	24.08.2011

Søknad om masseutskiftning (5) - Gbnr 188/5 Gjervik

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kap.4 - om planeringsfelt, vert det gjeve løyve til bakkeplanering på følgjande vilkår:

1. Steinfyllinga skal ha eit jamt fall frå kote +62,0 i samsvar med profil 4, ned mot E39. I nærføring mot veganlegget skal fyllinga avsluttast på kote +60,5. Dette tilsvarer totalt eit fall på ca 2%.
2. Planeringa skal gje liknande fall for profilane 1 og 7 inn mot midten, dvs profil 4.
3. Der bekk/grøft har gått gjennom feltet skal det leggst rør med minimum 250 mm innvendig mål.
4. Oppå steinfyllinga skal det leggst eit jordlag på minimum 0,5 meter, som skal såast for eng. Bakkeplaneringa skal soleis avsluttast mot veg på kote +61,0.
5. Det skal berre nyttast reine massar i arbeidet.
6. Arealet skal vera tilbakeført til jordbruksareal seinast 01.07.2013.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 24.08.2011

Fellesframlegg:

Rådmannen sitt framlegg med endring av dato i pkt.6 – 01.03.2012

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 24.08.2011

Med heimel i Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kap.4 - om planeringsfelt, vert det gjeve løyve til bakkeplanering på følgjande vilkår:

1. Steinfyllinga skal ha eit jamt fall frå kote +62,0 i samsvar med profil 4, ned mot E39. I nærføring mot veganlegget skal fyllinga avsluttast på kote +60,5. Dette tilsvarer totalt eit fall på ca 2%.
2. Planeringa skal gje liknande fall for profilane 1 og 7 inn mot midten, dvs profil 4.
3. Der bekk/grøft har gått gjennom feltet skal det leggst rør med minimum 250 mm innvendig mål.
4. Oppå steinfyllinga skal det leggst eit jordlag på minimum 0,5 meter, som skal såast for eng. Bakkeplaneringa skal soleis avsluttast mot veg på kote +61,0.
5. Det skal berre nyttast reine massar i arbeidet.
6. Arealet skal vera tilbakeført til jordbruksareal seinast 01.03.2012.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksutgreiing:

Saksdokument vedlagt:

- a) Kart M=1:1696
- b) Profil motteke den 25.05.2009.

Historikk:

- 1) 24.02.09 Søknad om masseutskifting frå O.K.Vatnøy.
- 2) 25.03.09. Delegert vedtak om etablere lovlege forhold.
- 3) 15.04.09. Svar frå tiltakshavar med "søknad".
- 4) 17.04.09. Delegert vedtak om løyve til masseutskifting.
- 5) 16.04.09. Klage frå naboar v/Sjosio bygdelag.
- 6) 21.04.09. Klage frå nabo v/Mjøs
- 7) 22.05.09. Innkomne profilar for tiltaket frå tiltakshavar.
- 8) 10.06.09. PMU vedtok:
Saka vert sendt tilbake til administrasjonen då vilkåra i saka ikkje ligg føre jf. delegert vedtak 17.04.09., tidsplan og avsluttande kotehøgde skal samsvara med søknad.
- 9) 25.08.09. Brev frå Adv.firm. Harris på vegne av naboar, med merknader til saka og der ein ber om å bli underretta om bli underretta.
- 10) 23.10.09. Purrebrev frå Adv.firm. Harris.
- 11) 02.12.09. PMU vedtok:
Saka vert sendt tilbake til administrasjonen ut frå at den virker uklår i ht vedtaket i plan- og miljøutvalet 10.06.2009.
- 12) 24.02.10. PMU vedtok:
Saka er utsett.
- 13) 24.03.10. PMU vedtok:
Saka er utsett.

I den delegerte saka av 17.04.09. er det gjort følgjande vedtak:

Vedtak:

Under føresetnad av at dei ovannemnde punkt vert oppfølgde, og at det vert nytta reine massar, kan Lindås kommune godkjenne at det vert utført planeringsarbeid på gnr 188 bnr 5 Vedtaket har heimel etter Forskrift om begrensing av forureining (forurensingsforskrifta) kap 4 om planeringsfelt"

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det låg føre klager frå naboar 16.04.09., og 21.04.09.

Klagene vart handsama i PMU (1) i sak 160/09 den 10.06.09., med følgjande vedtak:

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå Sp, AP og SV:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen då vilkåra i saka ikkje ligg føre jf. Delegert vedtak 17.04.09., tidsplan og avsluttande kotehøgde skal samsvara med søknad.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster.

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (Moldeklev-Frp).

Vedtak i Plan- og miljøutvalet – 10.06.09.

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen då vilkåra i saka ikkje ligg føre jf. Delegert vedtak 17.04.09., tidsplan og avsluttande kotehøgde skal samsvara med søknad.

Klagesaka vart på ny lagt fram til handsaming i PMU (2) i sak 288/09 den 10.06.09., med følgjande vedtak:

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Under føresetnad av at dei ovannemde punkt vert oppfølgt, og at det vert nytta reine massar, vil Lindås kommune godkjenna masseutskifting / planeringsarbeidet på gnr 188 bnr 5. Vedtaket har heimel etter Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kap 4 om planeringsfelt.

Fellesframlegg:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen ut frå at den virker uklår i hht vedtaket i plan- og miljøutvalet 10.06.2009.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet – 02.12.09.

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen ut frå at den virker uklår i hht vedtaket i plan- og miljøutvalet 10.06.2009.

Klagesaka vart på ny lagt fram til handsaming i PMU (3) i sak 70/10 den 24.02.10., med følgjande vedtak:

Saka er utsett.

Klagesaka vart på ny lagt fram til handsaming i PMU (4) i sak 89/10 den 24.03.10., med følgjande vedtak:

Framlegg frå Ø.Moldeklev-Frp:

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Saksvurdering.

På grunn av den lange tida som er gått med til sakshandsaming vil administrasjonen, med tilvising om at tiltaket er sett i gang og etterkvart bør nærme seg ei avslutting, be om at PMU tek stode til saksframlegget.

Bakkeplaneringsforskrifta.

Tiltaket er frå starten søkt som bakkeplanering. Søknaden er soleis handsama etter bakkeplaneringsforskrifta. Administrasjonen har vore positiv til bakkeplanering på staden då dette vil gi eit meir lettdrive areal. Ein har derfor forventa at tiltakshavar rettar seg etter landbruksfaglege forhold for landbruksdrift.

Plan- og bygningslova.

Alternativet til å handsame tiltaket etter bakkeplaneringsforskrifta, var å handsame det etter plan- og bygningslova, noko som krov dispensasjon i LNF-området.

Det måtte i så fall sendast inn ein søknad om dispensasjon som vidare måtte sendast på høyring.

Føremonet med handsaming etter bakkeplaneringsforskrifta var at dette tiltaket vil vere mindre vesentleg – og i samsvar med landbruksføremålet slik at det ikkje hadde trong for dispensasjon frå kommunedelplanen.

Andre tilhøve.

I det aktuelle området har Statens Vegvesen fått rammeløyve til å føre fram ein gang/sykkelveg langs E39.

Det vil muleg vere aktuelt å bruke det aktuelle området som riggplass ved utføring av vegarbeida. Når riggen fjernast vil det vere tenleg å ferdigstille bakkeplaneringa.

PMU har tidlegare sett fram ynskje om at det skulle leggest fram "ein tidsplan og avsluttande kotehøgde skal samsvar med søknad".

Handsaming etter bakkeplaneringsforskrifta.

Det er lagt fram eit framlegg til korleis tiltaket skal bli sjåande ut, gjennom framsendte profilar frå tiltakshavar. Dei profilane som er lagt fram viser at det ferdige terrenget fyllast ut stort sett flatt og kjem i plan med E39 på om lag kote +62.

Tiltaket ligg i eit LNF-område der kommunedelplan for Knarvik-Alversund har vist området med viktig kulturlandskap der bygge- og anleggstiltak ikkje bør verta tillete. På økonomisk kartverk ligg arealet som overflatesyrka jord.

Overflata på det endelege landbruksarealet må få ei tenleg utforming med omsyn til landbruksdrift og i slektskap med kulturlandskapet i området. Ein har landbruksfagleg derfor rådd i mot at overflatenivået vert flatt og førast ut i plan med E39.

Ein har meint at det er viktig av omsyn til kulturlandskapet (som dette tiltaket er ein del av) å ha eit fall på tiltaket, vidare er det teknisk viktig å knyte eit dreneringsanlegg til jordstykket, der røyranlegget har ein minimumsdiameter (250mm) for drift av eit jordbruksareal - og at overflata vert avslutta på ei lågare høgde i nærføring mot vegsystem. Det er vidare sett krav til tjukkeleiken på jordlaget (50cm) og tilsåing med gras.

Tilslutt er det sett ei tidsfrist for gjennomføring.

Tidsfristen er sett med gode marginar (01.07,2013.).

På bakgrunn av det valde lovverket (bakkeplanering) har administrasjonen lagt landbruksfaglege vurderingar bak vilkåra for løyvet.

Administrasjonen er open for andre vurderingar av tiltaket i samband med plan- og bygningslova, men ber då om at PMU sender saka tilbake for vurdering etter dette lovverket.

Vurdering av miljøkonsekvensar.

Det aktuelle arealet vart mellom anna brukt til depotplass for massar som skulle brukast til bygging av tilbygg på Knarvik senter. Tilbygget er no ferdig bygd og teken i bruk.

Tiltaket er blitt liggande urørt ei tid, og verkar no som eit sår i landskapet.